



Vår dato:

09.11.2023

Vår ref:

2023/11153

Dykkar dato:

27.09.2023

Dykkar ref:

622309-01

ASPLAN VIAK AS  
Postboks 24  
1301 SANDVIKA  
Att.Kristi K. Galleberg

Kontakt saksbehandlar  
Ida Eline Skålnes, 51568807

## Fråsegn - oppstart og offentlig ettersyn planprogram - reguleringsplan - Suldal 141/1 - 142/2 -134/1 m.fl. - detaljregulering råstoffutvinning Berakvam - Kordalsnuten - planID 202301

**Asplan Viak har varsla oppstart av reguleringsplanarbeid for råstoffutvinning på Berakvam i Suldal kommune. Føremålet med planen er å utvide dagens masseuttak. Området er om lag 2700 daa og er i hovudsak avsett til råstoffutvinning. Det skal blant anna planleggast for uttaksområde, anleggsvegar og tunnel for massetransport.**

### Vår vurdering

#### Anleggsveg, Romsbotn

Det går fram av planprogrammet at forslaget er i tråd med den nyleg vedtekne kommuneplanen til Suldal kommune. Slik Statsforvaltaren les kommuneplankartet er ikkje området Romsbotn avsett til råstoffutvinning/byggeområde. Området er avsett til LNF-føremål og den planlagde anleggsvegen vil derfor vere i strid med kommuneplanen. Statsforvaltaren ser på det som svært uheldig at ein legg opp til tiltak som er i strid med ein heilt ny kommuneplan.

Området som no er avsett til råstoffutvinning (RU1, RU4 og RU5) gjer at søre Jelsa vil bli så godt som avskoren frå omkringliggende areal. Dette vil gjere at hjortebestanden på Jelsaheia i stor grad vil bli isolert. I prosessen med kommuneplanen var det derfor viktig for Statsforvaltaren at området ved Sagalia blei bevart. Den foreslegne anleggsvegen vil medføre tiltak og aktivitet i eit område som vil vere ei viktig buffersone for vilttrekk.

Området ligg i nærleiken av eit prognostisert kalkrikt areal, jf. økologisk grunnkart, dette betyr ein kan forvente å finne rike naturtypar. Det er registrert verdfull natur i samband med dette fylittlaget, jf. naturbase og Artskart.

Vidare har det vore eit viktig tema gjennom drøfting og mekling av kommuneplanen, at avrenning ikkje skal skje til Økstrafjorden. Ved å gå inn i det aktuelle området i Romsbotn, vil ein auke



sannsynet for at vatn tek vegen i retning Økstrafjorden. Dette har ein sett eksempel på ved vegen som blei etablert utan løyve på Straumbergneset, der ein no har fått utfordringar med avrenning til sjøen.

Vidare er det naturleg å vente seg auke i trafikken på fv. 7410 som følgje av anleggsvegen. Trass i dette har forslagsstiller vurdert at trafikk ikkje er eit tema som vil få vesentleg verknad for miljø og samfunn, og temaet blir derfor ikkje gjort greie for i KU.

Basert på ei samla vurdering vil Statsforvaltaren rá i frå å opne for anleggsveg i dette området.

#### Anleggsveg\_ST1

Det blir opplyst at planlagd anleggsveg mellom nytt og eksisterande brot vil få ei breidde på om lag 10 meter skulder til skulder. Dette vil føre til ein bratt skrånning som vil krevje skjeringar på både sider. Det betyr at storleiken på inngrepet i terrenget vil gå ut over sjølve vegen på 10 meter. I overkant av skjeringane vil skogen bli ustabil, og tiltaket vil påverke miljøforholda i skogen. Å sikre avbøtande tiltak er viktig, då det her er tale om ein boreonemoral regnskog (VU) med svært høg kvalitet, jf. naturbase og temakart Rogaland. Me ser også at dekningskartet for undersøkingane er avgjerande for avgrensinga av naturtypen. Skogen vil bli påverka av direkte fysiske inngrep, av ferdsels-forstyrringar, og av støy og støv.

#### Natur på land

Under «Avgrensing av utgreiingstema» blir det vist til «påverknad av trua og omsynskrevjande artar vert omfatta av utgreiingstema». Det vil ikkje vere nok å vise til truga og omsynskrevjande artar, her må ein også undersøkje for raudlista artar, ansvarsartar og framande artar. Truga artar omfattar ikkje heile raudlista, og kva som meinast med omsynskrevjande artar er ikkje definert. Det er svært viktig å bringe fram tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag om kva som går tapt i dette tiltaket, slik at ein kan setje i verk avbøtande tiltak, t.d. unngå, avgrense, setje i stand og/eller kompenserande tiltak, jf. tiltakshierarkiet i M-1941. I planprogrammet bør det stadfestast kva kompetanse som krevst av dei som undersøkjer.

I samband med forarbeid til kommuneplan blei det gjennomført en kartlegging av naturtypar. Statsforvaltaren har hatt klare tilbakemeldingar om kvaliteten i kartlegginga. Fleire av avgrensingane som blei vist til er av eldre dato. Det er ikkje gjennomført ein tilstrekkeleg kartlegging av omsynssona rundt uttaksområdet, eller ein kvalitetsvurdering av desse. Me ser mellom anna at kartlegging gjennomført etter Miljødirektoratets sin instruks (Ytre Høvik - 293638\_Ytre Høvik\_2022\_NTYP) viser avvik mellom ny og eldre kartfesta naturinformasjon.

Under kapittel 4.6 Naturmangfold går det fram at «Heile planområdet er i 2019 grundig kartlagt basert på Miljødirektoratets handbok 13. I 2023 (oppstart av planprogram) er NiN gjeldande metodikk for naturtypekartlegging. Naturtypekartlegginga basert på desse metodane har same føremål, dvs. registrere naturtypar som er viktige for naturmangfold. Naturtypane kartlagt etter handbok 13 kan konverterast til NiN ved behov». Naturtypane kartlagt etter HB-13 kan ikkje konverterast direkte til NiN. Det er fleire naturtypar som ikkje er direkte overlappande, og ved ein moderne kartlegging vil ein ha ein annan



forståing av kartleggingsprotokollen. Ein kan ikkje gi noko informasjon om «lokalitetskvaliteten» til dei einskilde naturfigurane. Dersom ein skal bruke HB-13, så må ein nytte relevant verdi-system for vurdering, jf. M-1941.

Planprogrammet må supplere naturtemaet på følgjande:

- i) Kartlegging av terrestre naturtypar etter miljødirektoratet sin instruks i buffersona og ved tilkomstveg til uttaksarealet.
- ii) Kartlegging av raudlista artar, ansvarsartar og framande artar i heile planområdet.
- iii) Kartlegginga må dekke alle relevante artsgrupper, t.d. edderkoppdyr, amfibie, i tillegg til dei artsgruppene nemnt i planprogrammet (lav, mosar, sopp, karplanter og insekt, samt supplerande dokumentasjon om fugl). Eksisterande kunnskapsgrunnlag er mangelfullt når det kjem til hekkelokalitetar. Området har potensiale for hekkande rovfugl.
- iv) Planprogrammet bør stadfesta kva kompetanse kartleggarane skal ha.

I tillegg må det gjerast greie for følgjande :

- i) Økosystemtenestar, kunnskap om kva verdiar som går tapt i uttaksareaala for å kunne føreslå relevante og tilstrekkeleg avbøtande tiltak på økosystemtenestar. Dette temaet blir relevant med omsyn til karbonlagring-/utslepp, naturproduksjon, friluftsliv, jakt.
- ii) Nasjonalt og internasjonalt fastsette miljømål er ein vesentleg del av KU-arbeidet. Det må kunne vise i kva grad tiltaket vil kunne påverke miljømåla.

Det er fleire myrområde som vil bli øydelagt som følgje av tiltaket. Det bør undersøkast om museum kan ta i mot sedimentprøvar av myr for å undersøke for forhistoriske organismar. Dette kan være eit viktig bidrag i samanheng med forsking.

### Forureining

Avklaringar knytt til avrenning, støy og støv vil vere særskilt viktige tema i det vidare arbeidet med reguleringsplanen. Me viser til forurensningslova § 11, 4. ledd: «*forurenningsspørsmål skal om mulig søkes løst for større området under ett og på grunnlag av oversiktsplaner og reguleringsplaner*». Vidare går det fram av plan- og bygningslova § 12-7 nr. 3 at det i reguleringsplan kan gis føresegner til arealformål om grenseverdiar for tillatt forureining og andre krav til miljøkvalitet i planområdet, samt tiltak og krav til ny og pågående verksemrd i eller av omsyn til forhold utanfor planområdet for å forebyggje eller avgrense forureining.

### Avrenning

Som det går fram av kommuneplanføresegndene skal all avrenning skje til Sandsfjorden, og ikkje til Økstrafjorden. Statsforvaltaren har gjennom kommuneplanprosessen uttrykt skepsis til om dette er mogleg å overhalde, og avrenning vil derfor vere eit tema som vil vere særskilt viktig i den vidare reguleringsplanprosessen.

Det må gjerast detaljert greie for korleis ein skal unngå all avrenning til Slåttevassdraget og Økstrafjorden, både i anleggsfase og driftsfase, og avbøtande tiltak må sikrast i både føresegner og plan-kart. Statsforvaltaren vil ikkje kunne godta at avrenning *så langt som mogleg* skal skje inn i brotet og



ikkje mot omliggjande vassdrag, slik det går fram av teksten under «avrenning» i planinitiativet, verken under anleggsfase eller i drift.

I samband med dette vil me også påpeike at det ikkje kan skje avrenning ut i Økstrafjorden verken før eller etter etablering av tunnel og grøft. Det må gå tydeleg fram korleis ein skal samle opp og reinse vatn frå riggfase før ferdigstilling av tunnel og grøft.

Det må setjast av nok plass til sedimentering i eksisterande brot, til både avrenning frå det nye brotet og auka nedbør som følgje av klimaendringar. All avrenning må skje via sedimentasjonsbasseng før vatnet blir leia ut i Sandsfjorden. Dette gjeld også vatnet frå dei lågaste driftsområda. Det må i reguleringsplanen vises til korleis brotet skal utformast for å sikre at alt vatn frå verksemda sine uteareal (inkludert interne vegar) skal leiast til sedimentasjonsbasseng eller andre reinse løysningar. Dette gjeld for all prosessvatn (all avrenning av produsert støv og partiklar frå anleggsområdet til recipient), uavhengig av om partiklane renn ut med vaskevatn, vatn frå vatningsanlegg eller som følgje av nedbør, jf. Miljødirektoratet sin rettleiar Miljøveileder for pukkverk. Dette vatnet må, ved utsleppspunkta som eit minimum kunne overhalde grensa på 50mg/L. Me gjer i samband med dette merksam på at denne grensa berre gjeld for verksemder dersom aktiviteten ikkje påverkar vassførekomensten, og at ein etter forureiningslova kan sette strengare krav.

Reint overvatn frå omkringliggende areal som ikkje blir råka av støv/partiklar, må avskjerast slik at det ikkje renn ned i brotet og vidare ned i sedimentasjonsbasseng. Det må gjerast greie for korleis avskjeringa kan skje, og kor utslepp frå omkringliggende areal vert leia (td myr, bekk, elv eller sjø)

#### *Støy*

Støyrapport utarbeidd i samband med kommuneplanprosessen viser at det vil vere utfordringar knytt til naboskap i vest (hytter) i tidleg fase (første fem år). Statsforvaltaren legg til grunn at det blir gjort detaljerte støykartleggingar basert på utforminga av brotet, også for tidleg fase. Avbøtande tiltak må sikrast i føresegner og eventuelt også plankart.

Me minner om at det i 2021 blei vedteken ny støyretningslinje, T-1442/2021. I planprogrammet blir det vist til eldre støyretningslinje. Me legg til grunn at ein nyttar den nyaste.

Det er tidlegare gjort vurdering av samla støy frå Norsk Stein og Wind Works Jelsa, men det er uklart om kartlegginga har tatt for seg støy frå tidleg fase i begge områda. Det må gjerast greie for påkjenning frå støy frå begge områda samla i alle aktuelle fasar.

#### *Støv*

Retningslinjer for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging (T-1520) skal leggast til grunn ved etablering av verksemder som vil føre til vesentleg auke i luftforureining, slik som til dømes råstoffutvinning. Jf. kap. 3.3 bør kommunen i plansaker som omhandlar etablering av ny luftforureinande verksemde eller utviding/endring av luftforureining frå eksisterande kjelde, ta stilling til om luftsonekart bør utarbeidast, eller eventuelt oppdaterast, som følgje av tiltaket. Statsforvaltaren legg til grunn at det blir gjort ei utgreiing av luftforureining frå området, og at det blir tatt stilling til om



luftsonekart bør utarbeidast. Me gjer også merksam på at det etter forureiningsforskrifta § 30-9 skal gjerast støvnedfallsmålingar når det er under 500 meter til nærmeste nabo.

### Vassmiljø

Vassforskrifta slår fast at tilstanden i vatn skal beskyttast mot å bli forringa, den skal forbetrast og gjenopprettas med sikte på at vassførekomstane skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand (Vassforskrifta §§ 4-6). Vassforskrifta har eit generelt forbod mot forringing. Ny arealbruk eller inngrep som medfører forringing kan i utgangspunktet ikkje gis løyve til. Dersom planforslaget kan føre til forringing, kan krava i vassforskrifta §§ 4-7 berre fråvikast på strenge vilkår i tråd med vassforskrifta §12.

For å kunne gjere ei vurdering etter vassforskrifta §§ 4-6, må kunnskapsgrunnlaget for vassmiljø innehalde følgjande avklaringar for alle vassførekomstar som blir påverka/råka ved av tiltaket:

- Dagens miljøtilstand: økologiske og kjemiske tilstand jf. vassforskrifta i alle berørte vassførekomstar
- Dagens påverkningar, som allereie har effekt på miljøtilstanden
- Korleis vil planforslaget påverke vassmiljøet, slik som korleis dei ulike kvalitetselementa vil påverkast.
- Korleis vil planforslaget påverke den samla belastinga på vassførekomstane
- Vil planforslaget kunne føre til forringing av vassmiljøet jf. vassforskrifta (dagens økologiske eller kjemiske tilstand), eller kan medføre at miljømåla for vassførekomstane i influens-området ikkje nås.
- Kva for avbøtande tiltak er som planlagt eller blir rekna som naudsynt for å sikre at ein unngår forringing.

Med «alle vassførekomstar som blir påverka/råka av tiltaket meiner me vassførekomstar som blir direkte påverka, indirekte og tilgrensande, og vassførekomstar i influens-området til påverka vassdrag.

Undersøkingane og vurderingane må gjennomførast av personar med naudsynt fagkompetanse innan hydrologi og økologi. Undersøkingane må gjennomførast på rett tid av året, jamfør gjeldande rettleiar for klassifisering av miljøtilstand i vatn (rettleiar 02:2018)

### *Biologisk mangfold i vatn*

I konsekvensutgreiinga til kommuneplanen blei Slåttevassdraget vurdert til å ha svært stor verdi, men utan påverknad frå tiltaket. Sett opp mot kor nært tiltaksområdet ligg vassdraget, meiner Statsforvaltaren det vil vere avgjерande å få kartlagt heile dette vassdraget. Dette for å kunne fastslå eventuelle konsekvensar frå uttaksområdet. Me legg derfor til grunn at det blir gjennomført habitatkartlegging og kvantitative fiskundersøkingar jamfør metodane i Forseth & Harby (2013)<sup>1</sup> og

---

<sup>1</sup> Forseth, T., & Harby, A. (red.) 2013. Håndbok for miljødesign i regulerte laksevassdrag. CEDREN – Center for Environmental Design of Renewable Energy. – NINA Temahefte 52, 90 sider.



kartlegging av utbreiing, tilstand og rekruttering for elvemuslingbestanden i heile vassdraget. Me anbefalar at ein i tillegg bruker miljø-DNA som supplerande metode for kartlegging av elvemusling.

Som del av habitatkartlegginga ber me om at det i tillegg registrerast tilstanden til kantvegetasjon, vandringshinder for fisk, kunstige tersklar, dammar og forbygningar etc. Dette er forhold som og er viktig for habitatkvaliteten for fisk og elvemusling. Slik kartlegging er vist på en god måte i rapporten Habitatkartlegging og forslag til tiltak for sjøørret i vassdrag i Indre Ryfylke (Kambestad mfl. 2020b)<sup>2</sup> som blant anna omtaler delar av Slåttevassdraget.

Der går fram av planinitiativet under *e) funksjonell og miljømessig kvalitet* at vassforsyning skal koordinerast med Wind Works Jelsa som planlegg å hente vatn frå Slåttevatn. Slåttevassdraget har store naturverdiar knytt til blant anna raudlista ål, elvemusling og anadrom fisk. Det må vektleggast å sjå på alternative kjelder for vassuttak som medfører regulering av vassdrag. Ved eventuell plan om uttak av vatn frå Slåttevassdraget legg me til grunn at det blir innhenta kunnskapsgrunnlag frå vassdraget som følger metodane skildra i Håndbok for miljødesign i regulerte laksevassdrag (Forseth & Harby 2013)<sup>3</sup> og konsekvensar for stadeigen bestand av fisk og elvemusling i vassdraget som heilskap må belysast.

#### Etterbruk

Det går fram av planprogrammet at det ikkje blir fastsett krav til etterbruk av uttaksområdet. Dette på grunn av at det blir lagt opp til ein uttaksperiode over svært lang tid, og forslagsstiller meiner det ikkje vil vere hensiktsmessig å binde opp arealet til noko konkret etterbruk.

Trass i tidshorisonten, vil Statsforvaltaren sterkt oppmode til at ein likevel set krav om etterbruk. Dette vil gi kommunen og grunneigar anledning til å følgje opp og styre etterbruken av området når den tid kjem. Vidare vil etterbruken av området kunne påverke korleis uttaket i området skjer. Dersom det blir behov for å endre kravet til etterbruk etter kvart som uttaket skjer, vil dette eventuelt vere mogleg gjennom endring av planen.

Lange tidshorisontar er vanleg i områder for råstoffutvinning, og bør ikkje stå i vegen for at kommunen, grunneigar og eventuelt tiltakshavar kan byrje å tenke på kva området kan kunne nyttast til i framtida. Dersom etterbruken av området er avklart i ein reguleringsplan, vil dette også kunne spele inn på krav om å setje i stand området etter at uttaket er avslutta. Dette kan verke inn på krav om å stille økonomiske garantiar for å sikre at det blir gjennomført sikrings- og oppryddings- tiltak etter minerallova.

#### Klima

I kommuneplanprosessen blei dei totale klimagassutsleppa frå arealdisponeringa innanfor planområdet i eit 20-års perspektiv rekna ut, jamfør dokumentet *Berekning av klimagassutslipp i*

<sup>2</sup> Kambestad, M., S.E. Sikveland & C. Irgens 2020. Habitatkartlegging og forslag til tiltak for sjøørret i vassdrag i Indre Ryfylke. Rådgivende Biologer AS, rapport 3102, 190 sider

<sup>3</sup> Forseth, T., & Harby, A. (red.) 2013. Håndbok for miljødesign i regulerte laksevassdrag. CEDREN – Center for Environmental Design of Renewable Energy. – NINA Temahefte 52, 90 sider.



*Suldal sin kommuneplan.* Utrekninga er utført av NIBIO, og inkluderer berre klimagassutslepp frå arealomdisponeringar. Tala gjeld dersom heile det avsette området i kommuneplanen blir omdisponert.

Berekninga viser totale klimagassutslepp på 125 100 tonn CO<sub>2</sub>e over 20 år. I år 20 vil klimagass-utsleppa vere ca 5700 tonn CO<sub>2</sub>e. Utsleppa vil vare i lang tid etter dette, og stans i framtidige opptak i vegetasjon og jordsmonn vil vare fram til området revegetererast. Dei totale klimagassutsleppa for Suldal kommune si geografiske avgrensing var i 2021 på 56 307 CO<sub>2</sub>e. Tiltaket vil altså medføre ei auke i Suldal kommune sitt klimagassutslepp på over 10 prosent per år. Då reknar ein ikkje med dei direkte utsleppa frå omdisponeringa av arealet, men berre dei årlege utsleppa som følgje av omdisponeringa (manglande opptak m.m.).

Nye nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 (publisert 20. juni 2023) seier at «*kommunen ta en aktiv rolle i arbeidet med å redusere utslipp [...]*», og «*Like viktig som å redusere utslipp er det å holde på naturen sin evne til å binde CO<sub>2</sub>*». Me viser også til klimalova og Noreg sine internasjonale forpliktingar jf. Parisavtalen og Kunming-Montreal-avtalen.

Det må stillast krav til kunnskap kring temaet klima og klimagassutslepp. Me viser til Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing, som seier at det i alle planar etter plan- og bygningslova (tbl.) skal gjerast greie for kunnskapsgrunnlag som blir lagt til grunn i planlegginga. Føremålet med planretningslinja er å sikre at «*kommunene, fylkeskommunene og staten skal gjennom planlegging og øvrig myndighets- og virksomhetsutøvelse stimulere til, og bidra til reduksjon av klimagassutslipp [...]*».

Ut i frå denne planretningslinja, samt krav til at sakar som handsamast etter KU-forskrifta skal ha objektiv og tilstrekkeleg fagkunnskap, meiner me planen bør innehalde:

- Heilskapleg klimagassrekneskap med referansemodell for etablering av tiltaket
- Konkrete tiltak for å redusere klimagassutslepp innanfor planområdet
- Langsiktig plan for korleis planområdet skal oppnå klimanøytralitet innan 2050, i tråd med klimalova § 4, og i tråd med klimautvalet 2050 sine framtidsmønster. Denne planen må innehalde konkrete moglegje tiltak for å oppnå klimanøytralitet, vist i eit klimabudsjett med illustrerte utsleppsbanar.

Me oppmodar til å setje krav om restaurering av andre karbonrike areal som tilsvarar utsleppet tiltaket vil medføre. Kjøp av karbonkredittar frå direktefangst av CO<sub>2</sub> (DAC) kan også bidra til å gjere prosjektet klimanøytralt.

Det er også viktig å sikre at skogen som blir fjerna som følgje av tiltaket blir nytta til eit fornuftig føremål, slik at ressursar ikkje går tapt.



### Ventalstjørna

Kommuneplanen stiller krav om at utsprengt utløp frå Ventalstjørna skal reverserast tilbake til opphaveleg utløp. Planprogrammet går ikkje i detalj om korleis dette skal gjerast, eller tidspunkt for denne reverseringa. Statsforvalteren legg likevel til grunn at temaet blir tilstrekkeleg gjort greie for når planen kjem på høyring. Som Statsforvaltaren peikte på i vår uttale til kommuneplanen, ligg om lag heile nedbørtsfeltet til Ventalstjørna innanfor tiltaksområdet (råstoffutvinning). Då vatnet skal leiaast bort for kontrollert utslepp til fjord, vil nedslagsfeltet til Ventalstjørn i stor grad forsvinne.

Det blir viktig å gjere tilstrekkeleg greie for konsekvensar både knytt til redusert vasstilførsel til myra/tjørna som følgje av brotet, og konsekvensar frå reversering av utsprengt utløp for vassføring i nedstraums bekk. Myr er avhengig av vatn for å halde på CO<sub>2</sub>, og dess meir vatn som forsvinn frå myra, jo større utslepp vil ein få. Vassmengd vil også påverke den økologiske funksjonen til myra. Me rår til at vurderingane knytt til Ventalstjørna blir gjort av økolog og hydrolog med restaureringskompetanse.

Me gjer også merksam på at dette er eit arbeid som må følgjast opp over tid, og at reguleringsplanen må sikre at dette skjer.

### Samfunnstryggleik

Jamfør plan- og bygningslova § 4-3 skal det ved utarbeiding av planar for utbygging gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS). ROS-analysen skal ta føre seg alle kjente risiko- og sårbarheitsforhold av vesentleg betydning for å førebyggje risiko for tap av liv, skade på helse, miljø, materielle verdiar, kritisk infrastruktur og viktige samfunnsfunksjonar. Analysen skal ta føre seg endring av risiko- og sårbarheitsforhold som følgje av utbygging, konsekvensar av framtidige klimaendringar i høve til tiltak i plan, moglege konsekvensar av utbygginga utanfor planområdet m.m. Tiltaket inneber omdisponering av fleire tjørn og myrområde, og ROS-analysen må gjere greie for korleis dette vil påverke området utanfor planområdet. Dette må også sjåast opp mot eit klima i endring med auka nedbør. Vidare er det aktsemndssonar for fleire typar skred innanfor varsle område. Det må utarbeidast nye skredfarekart dersom terrenget blir endra i nærleiken av veg, bygg eller kai. Me minner også om at NVE har laga nye aktsemndskart for snøskred i år.

### Landskap

Det må sikrast at dei negative landskapsverknadene av tiltaket blir så små som mogleg. Det må vurderast skjermingstiltak som tek omsyn til landskapsrom og hindrar støy.

Vidare må det gjerast greie for gradvis uttak og gradvis tilbakeføring. Dette vil kunne bidra til å redusere/utsette dei negative konsekvensane for både klima og natur.



Avslutningsvis legg Statsforvaltaren til grunn at planen blir utarbeida i tråd med kommuneplanen og nasjonale og regionale føringer. Me tek etterhald om ytterlegare merknader når planen kjem på høyring.

Med helsing

Lone Merethe Solheim (e.f.)  
ass. statsforvalter

Marit Sundsvik Bendixen  
fylkesmiljøvernsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger
Direktoratet for mineralforvaltning med	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Bergmesteren for Svalbard			
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)	Postboks 5091	0301	OSLO
Suldal kommune	Majorstua Eidsvegen 7	4230	Sand